

Norsk Etnologisk Gransking.

Emne nr. 3.

Fylke: Hedmark.

Emne : Bryne.

Herad: Alvdal.

Oppskrive av Ivar A. Streitlien.

T y n s e t .

Heimelsmann bonde Ola Övergard, 59 år.

1. Ordet blir uttala bryngne. (et bryngne).

Hein brukar ein berre til finare eggreidskap og uttalen er ei hegn, eller meire rett 'i hegn.

2. I vår tid blir det bruka berre kunststein, men før i tida var naturstein vanleg. Hågen Ligard, 82 år, veit om at det vart funne brynstein innan bygda, men det var sjeldan dei vart gode. Til vanleg vart bryne kjøpt av kramkarar som møtte opp når det var ting, helst på sommartinget. Sjöl hadde han kjøpt bryner som gjekk under namnet Kork-Ola-bryner, men han veit ikkje kvar desse kom frå. Det var grå av farge og hadde svartblanke prikker, "auger". Eit anna slag bryner gjekk under namnet Gjetfjell-bryner. Dei var nestan kvite av farge. Han veit heller ikkje kvar desse kom frå.

3. Barberknivar vart berre heina. Alle andre reidskap vart først slipt på rund stein, og etterpå bryna. Vil ein ha retteleg fin egg, blir reidskapen heina. Dersom slipesteinen hadde eit lausare parti ein stad, vart dette innsmurt med tjöra, for at steinen ikkje skulle slites så fort på denne staden så det vart kast på steinen.

4. Ukjend.

5. Etter det ein veit nå, vart det alltid bruka ein rund slipestein. Ein kjenner også uttrykket "senne" om grove bryner som ein bruka t.d. på ei öks för ein finheina öksa.

Slipesteinen stod heime ved husa. Ein flink slåttekar skulle slå heile ökta utan å slipe, og dei flinkaste sellverane slo heile dagen utan sli-
ping. Var det lang veg til slåtten, kunne slätte-

karen ha med to ljåar, og skulle dei vera burte heile dagen, kunne dei ha med fleire. Som regel var det ikkje lenger unda enn karane gjekk heim att til kvart mål.

6. Til vanleg 3 timar, ei ökt, så tok ein ljåen med frammi garden og slipte han. Slipesteinen kunne ein ikkje undvera.

7. Bygdafolk brukar berre bryne. Slipstikke er ikkje bruka, men det har fare framande slåttekarrar som bruka slipstikke, ei trestikke innsmurt med tjöra og slipsteinsand.

8. Djåen sit fast på orvet. Gamalt bruka ein å reive ljåen fast til orvet med klöyvd tåg, og da *var det* altfor mykje arbeid å löyse oppatt dette. Under slipinga legg ein orvet på eine skuldra, og ljåeggen vender mot den som slipar.

9. Ein set orvet på bakken og ljåen oppunder overarma, på venstre sida, og venstre arma kviler med fingrane på ljåryggen. Sjölve bryninga er ymse. Somme tar eit drag först innover og så utover på kvar side. Andre förer först brynet att og fram mange gonger på utsida av ljåen, og deretter berre ein gong att og fram på innsida, eller det blir variera på andre måtar. Under slipinga blir det til vanleg slipa först på innsida, så på utsida og deretter ein gong til på innsida.

Stutturv er ikkje bruka.

10. Brynstokk (Bryngnstokk) laga av ein uthola trestokk.

11. Nei.

12. Brynstokken vart hengt i knivslirreima. Dei fleste let koppen kange bakanpå, men det hende at somme bar den framanpå også.

13. Ein vater både naturstein og kunststein med vatn.

14. Bryngnsteinsmjöl. Slipsteinmjöl.

15-16. Brynsteinmjöl vart bruka til å sverte lær med.

17. Brynet vart betre ved å lige i jorda.

18-20. Ukjend.